

HANDLINGSPLAN

HOGNESTAD SKULE

2020–2021





Innhald

1. Innleiing
2. Skulen sin visjon
3. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn.
4. Organisering
5. Vaksenrollen på SFO
6. Samarbeid SFO – skule
7. Samarbeid SFO - heim
8. Fokusområde
9. Årshjul SFO
10. Praktiske opplysningar

1. Innleiing

Time kommune har utarbeidd ein Kvalitetsplan for Skulefritidsordninga i Time. Kvar skule skal ut ifrå denne planen laga ei handlingsplan.

I opplæringslova står det om SFO:

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

2. Skulen sin visjon

Time kommune sin visjon er «Trygg og framtidsretta»


På Hognestad skule vil me arbeida mot denne visjonen gjennom følgjande ordlyd:
«Me opplever glede ved å meistra og å nå måla våre!»

3. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn.

Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn ligg og til grunn for arbeidet vårt på SFO. Dette grunnsynet er utarbeidd i personalgruppa, og dette vil me stå for saman!

Pedagogisk grunnsyn	
Alle menneske er likeverdige og unike. Blir alle behandla likt, vert forskjellane større. Me kan prøva og feila, oppleve konsekvensane av handlingane våre, for så å gå vidare med nye erfaringar. Me har ambisjonar om å læra meir og å bli meir sjølstendige.	
Elevsynet vårt	Læringssynet vårt
Alle er gode til noko	Me tar utgangspunkt i det eleven kan
Alle kan læra og utvikla seg – kreativt og sosialt.	Me gir rom for at eleven kan utfalda og utvikla seg på alle område – teoretisk, praktisk, fysisk, sosialt og kreativt.
Alle kan bidra til eit positivt fellesskap	
Alle skal ha tru på seg sjølv	
Alle blir sett, høyrde og tatt på alvor	

4. Organisering



Rektor er ansvarleg leiar på Hognestad skule, har det overordna ansvaret for SFO. SFO har 1 leiar og 3 medarbeidarar. Rektor har økonomiansvar, ansvar for opptak, endring av tid og oppseiing har leiaren på SFO og ho har ansvar for den daglege drifta. Vedtektene for SFO ligg på heimesida; www.minskole.no/hognestadskule

5. Vaksenrollen på SFO

Vaksenrollen på SFO
Barna skal oppleve respekt, likeverd og tillit
Barna skal oppleve tydelege vaksne som leiar og tar ansvar for kvaliteten i all samhandling.
Me skal ha klare tydelege reglar og rutinar på SFO
Me ser kvart enkelt barn og gjer dei hjelp og rettleiing.
Me ønskjer å ha eit godt samarbeid om barna og er imøtekomande og lyttande overfor foreldre.

6. Samarbeid SFO – skule

Skule og SFO arbeider ut frå same pedagogiske plattform og har same verdigrunnlag i møte med barn og vaksne. SFO og skule er knytt saman ved at rektor har ansvaret for SFO.

Samarbeid SFO – skule		
Kva	Korleis	Kven
SFO har to planleggingsdagar	Ein felles planleggingsdag med skulen	Rektor
Leiar møte	Møte kvar mnd	Rektor Leiar SFO
Personalmøte	Møte kvar veke	Leiar SFO Assistent
SFO har foreldremøte.	Møte for foreldre 1.trinn Ved skulestart foreldremøte	Rektor Leiar SFO
Du finn informasjon om SFO på skulen si heimeside	Informasjon om SFO blir lagt på SFO sida	Leiar SFO
Samtale mellom SFO og kontaktlærer	Kontaktlærer tek kontakt med leiar SFO	Kontaktlærer
Medarbeidarsamtale	Årleg samtale med personalet	Rektor

7. Samarbeid SFO – heim

For at samarbeidet mellom SFO og heimen skal fungera godt, må ein avklare kva forventningar dei føresette har til SFO, og kva forventningar SFO har til dei føresette.

På SFO skal me arbeide for		
Kva	Korleis	Kven
At dei føresette får informasjon om kvardagen på SFO	Hente og leveringssituasjonar blir føreseielege	Alle på SFO
	Telefon	Leiar SFO
	Heimeside	Rektor og leiar SFO
At heimesida skal vera informativ og oppdatert	Foreldremøte	Leiar SFO
	Leggje ut informasjon Me legg ut månadsplan	
Kvalitet gjennom engasjerte vaksne som har oversikt og viser omsorg for kvart enkelt barn	Den vaksne ser barnet Den vaksne deltar i leiken Den vaksne viser barnet respekt Den vaksne viser barnet omsorg	Alle på SFO
At dei føresette vert møtt på ein høfleg måte av	Den vaksne ser foreldra Den vaksne høyrer på foreldra	Alle på SFO

tilsette som viser respekt og er lyttande.	Den vaksne tek kontakt med foreldra
--	-------------------------------------

På SFO forventar me at dei føresette

Legg lapp i matboksen eller sender SMS, dersom barnet skal hentast av andre, vera med med-elev heim eller gå heim til anna tid.

Gir beskjed om forhold som kan bety noko for korleis barnet trivst. Då vil personalet kunna følgja opp barnet og gje ekstra omsorg. Snakkar positivt om SFO.

Respektere opningstidene og møte opp personleg i SFO lokala, dersom barna skal hentast. Ha kontakt med ein vaksen på SFO når de hentar barnet.

Følgjer med på informasjon frå SFO i ranselpost og på skulen si heimeside.

Gir beskjed innan oppsette fristar for skulen sine ferie og fridagar, slik at SFO kan planleggje ein god bruk av personalet.



8. Fokusområde

Fokusområde		
Inkludering		
Målsetting	Korleis	Ansvar
Barn i SFO skal oppleve å vera inkludert i det sosiale fellesskapet og kunne inkludera medelevar. Dette skjer gjennom	Den vaksne tek ansvar for å rettleia og hjelpe det enkelte barnet i å utvikla inkluderande haldning og handling.	Alle på SFO

sosial samhandling i ulike aktivitetar og leikeformer.		Den vaksne legg til rette for variert fri lek og organisert lek, både ute og inne. Den vaksne motivere, inspisere og rettleie barn slik at alle deltar i leiken.
Fysisk aktivitet		
Målsetting	Korleis	Ansvar
Det skal leggjast til rette for alle barna på SFO får høve til å utfalda seg fysisk kvar dag	Det blir lagt til rette for fysisk aktivitet kvar dag. Inne og utelek er alltid blant aktivitetane. Hallen ein gong i veka. Tur i nærmiljøet Dei vaksne er deltakande i ulike aktivitetar SFO har utstyr som fremjar fysisk aktivitet. Dans framfor smartboard.	Alle på SFO
Kreativitet		
Målsetting	Korleis	Ansvar
SFO skal leggja til rette for at barn blir stimulerte til og får høve til å utvikle kreativitet	Dei vaksne rettleier, oppmuntrar og gir tilbakemelding i aktivitetar som bygging og teikning. Møter barna med JA til kreative ideer Lagedag kvar månad	Alle på SFO
Mat og helse		
Målsetting	Korleis	Ansvar
Barn utviklar sunne matvanar og opplever glede og fellesskap ved å ete saman Matjungelen	Dei vaksne sit saman med barna når dei et Måltidet er til faste tider Hygiene og bordskikk er ein del av måltidet Baking i lag med barna Prosjekt gjennom Helsedirektoratet for å bevisstgjere barn og vaksne korleis me bruker mat på ein god måte.	Alle på SFO

9. Årshjul SFO

Årshjul SFO 2020-2021	
Månad	Aktivitet
August	3.-13.august: Sommar SFO. 14.august: Planleggingsdag – SFO stengt "Bli kjent" aktiviteter Oppstart matjungelen.
September	Ute og inne aktiviteter Fokus på gode rutinar på SFO og haustaktiviteter Matjungelen- Epleforskning
Oktober	Veke 41, 5.-9. oktober: Haustferie. Matjungelen-Grautbar (den internasjonale grautdagen 23.oktober)
November	13. november: Planleggingsdag skule – SFO opent heile dagen. Matjungelen- Jungelbrød
Desember	Juleaktivitetar. Bake julekaker 17. desember: Juleavslutning med mandel i grauten. 18.desember. Siste skuledag før jul 21-23.+28.-30. desember: Jule-SFO. Matjungelen- Krydderløype
Januar	Vinteraktivitetar Matjungelen- Jungeldulting, vi lagar «matpalme»
Februar	Matjungelen- Sanseløype
Mars	Veke 9, 1.-5. mars: Vinterferie Våraktiviteter Matjungelen- Havets skattekiste
April	Laga påskepynt 29-30 mars: påske på SFO. Tur i nærmiljøet. Påskeferie 31.mars- 5.april. SFO stengt Skulen stengt 6. april - SFO open Matjungelen- Dyrking og redyrking
Mai	13, 17. og 24 mai: SFO stengt 14.mai: SFO planleggingsdag – SFO er stengt Pynte til 17.mai Matjungelen- Smoothie
Juni	Uteaktivitetar 21. juni- avslutning med SFO, Pizza og kos. 22.juni (Siste skuledag) Matjungelen- Sorteringsstafett Veke 25/26, 23. - 30.juni: Ferieklubben. Eige program
Juli	Sommarferie- SFO stengt

10. Praktiske opplysningar

Praktiske opplysningar	
Opningstider	SFO har opent mellom kl. 07. 15– 16.00. SFO har 2 planleggingsdagar, då er SFO stengt. Desse planleggingsdagane står på skuleruta og i årsplanen til SFO. Juli er ferie månad og då er SFO stengt.
Rutinar	Barna blir kryssa inn i SFO etter siste økt på skulen. Barna får eit måltid ca kl. 14.00.
Klede	Alle barn må ha klede etter vêret. Hugs skifteklede. Alle klede må merkast.
Mat	Barn som går på morgon SFO får frukost før kl. 07.45. Kvar ettermiddag blir barna servert eit måltid. Dei fleste dagane tilbyr vi brødmat. Ein til to gonger i veka får barna servert eit varmt måltid. I feriane blir det servert varm mat. Me er med i eit prosjekt som heitet Matjungelen, dette er eit prosjekt som me har søkt om å vera med på for å få sunnare måltid og meir bevisstgjerings på korleis me behandlar mat. Kor kjem maten i frå egentleg?

Kontaktinformasjon:

Skulen: 51778343

SFO: 99126724

E-Mail: tove-elin.gudmestad@time.kommune.no